Møtepapir
Årsmøte
Utdanningsforbundet Bokn

27.mars 2025 19.00

Boknahåve, Bokn Arena

- Opning
- Middag
- Helsing frå fylkesstyret v/Hogne W.Helgesen
- Val av hovudtillitsvalde
- Årsmøte

Sak 1 Konstituering

1.1. Godkjenning av innkalling

Vedtak: Innkallinga vart godkjent

1.2. Val av dirigentar

Innstilling til vedtak: Som dirigent vel me Merete Alvestad

1.3. Val av protokollunderskrivarar

Innstilling til vedtak: Som protokollunderskrivarar vel me Merete Alvestad og Gina Alvestad

1.4. Sakliste

Sak 1 Konstituering

1.1. Godkjenning av innkalling
1.2. Val av dirigent
1.3. Val av protokollunderskrivarar
1.4. Godkjenning av sakliste
1.5. Godkjenning av møtereglement
1.6. Godkjenning av valreglement

Sak 2 Val

2.1. Val av leiar i lokallagsstyret
2.2. Val av hovudtillitsvald til styret
2.3. Val av varamedlem til lokallagsstyret
2.4. Val av valkomité

Sak 3 **Årsmelding og rekneskap frå lokallagsstyret 2024**

Sak 4 **Retningslinjer for arbeidet i kommande årsmøteperiode**

Sak 5 **Handsama budsjett**

Sak 6 **Innsende sakar**

Innstilling til vedtak: Saklista vert godkjend

1.5. Godkjenning av møtereglement

1. Lokallagsleiar opnar møtet og leier møtet inntil møteleiar er vald.
2. Årsmøtedeltakarar som ynskjer ordet, viser det til møteleiaren. Ynskjer ein ordet til dagsorden, saksopplysning eller replikk, visast dette særskilt. Saksinnleiarar og styremedlemmar kan få ordet utanom talelista for å svare på spørsmål eller gi saksopplysningar.
3. Forslag skal leverast skriftleg og underteiknast med namn. Alle forslag skal vere referert før strek vert sett. Nye forslag kan ikkje fremmast i ei sak etter at det er gjort vedtak om at strek er satt. Forslag kan då heller ikkje trekkast tilbake.
4. Alle forslag frå styret eller forslag som er sendt inn frå klubber til årsmøtet innan fristen, blir vedteke med simpelt fleirtal. Nye saker må ha kvalifisert (2/3) fleirtall. Årsmøtet må òg, med 2/3 fleirtall, vedta at saker utanom sakslista skal handsamast. Møtet avgjer voteringsmåten.

Innstilling til vedtak: Møtereglementet vert godkjent

1.6. Godkjenning av valreglement

1. *Styret har 5 medlemmar*
2. *Leiar skal veljast for eitt år*
3. *Hovudtillitsvald til styret skal veljast for eitt år*
4. *Nestleiar skal veljast for 2 år*
5. *Styremedlemmane skal veljast for 2 år*
6. *Varamedlemmane skal veljast for 2 år*
7. *Valnemnda skal ha 2 medlemmar og ein varamedlem, dei som går ut av styret går inn i valnemnda*

«I henhold til vedtektene § 15.2 skal lokallagsstyret (…) settes sammen med en rimelig representasjon fra de ulike medlemsgruppene og minst én lederrepresentant».
(https://www.utdanningsforbundet.no/om-utdanningsforbundet/vedtekter-strategier-og-retningslinjer/retningslinjer/retningslinjer-for-arsmoter-i-lokallag--sammensetning-valg-og-valgreglement-delegatmote/)

Innstilling til vedtak: Valreglementet vert godkjent

1.7. Valg av møtefunksjonærar

Innstilling til vedtak: Som møtefunksjonærar vel me

Referent: Wenche L. Havikbotn

Innstilling til vedtak: Forslag til referent vert godkjend

Sak 2 Val

Valkomiteen har vore:

Margrete Dale, Bokn skule

Silje Karin Gismarvik, Bokn skule

Valkomiteen sin innstilling til nytt lokallagsstyre, hovudtillitsvald, og varamedlemmar til lokallagsstyret. Innstilde kandidatar er markerte med gult.

Dei utan fargemarkering er altså **ikkje på val** på dette årsmøtet.

Lokallagsleiar:	Merete Alvestad, grunnskule
Nestleiar:	Gina Alvestad, barnehage
Hovudtillitsvald:	Merete Alvestad, grunnskule
Styremedlem:	Wenche L. Havikbotn, leiar
Styremedlem:	Julianne Nilssen, barnehage
Styremedlem:	Valentina Everte, grunnskule
Styremedlem:	Elisabeth Taraldlien, Boknatun

1.varamedlem: Sigrunn Hole Hosaas, (pensjonistkontakt)

2.varamedlem: Tone Børgesen

2.1 Val av leiar i lokallagsstyret

Valkomiteen sin innstilling til vedtak:

Merete Alvestad, grunnskule

2.2 Val av tillitsvald etter hovudavtalen i KS

Valkomiteen sin innstilling til vedtak:

Merete Alvestad, grunnskule

2.3 Varamedlem til lokallagsstyret:

Valkomiteen sin innstilling til vedtak:

1.Varamedlem: Tone Børgesen, barnehage

2.Varamedlem: Laila Iren Furuly, grunnskule

2.4 Val av valkomité i Utdanningsforbundet Bokn for kommande årsmøteperiode

Lokallagsstyrets innstilling til vedtak:

Medlemmar:	Margrete Dale, grunnskule
Medlemmar:	Silje Karin Gismarvik, grunnskule
Varamedlem:	Irmelin Taraldlien Våge, barnehage

Sak 3 Handsama melding og rekneskap frå lokallagsstyret

Årsmelding 2024

Utdanningsforbundet Bokn er eit lokallag under Utdanningsforbundet som er ein partipolitisk uavhengig fagforeining for pedagogisk personale innafor alle utdanningsnivå. Lokallaget har kontor i Bokn på Bokn Skule. Medlemstalet var pr. 31.12.24 37 stk. Dette er tre medlem meir enn som førre årsskifte. Styret har lagt til grunn forutsetninga om fortsett drift for framlegging av årsrekneskapen. UDF Bokn har etter avlegging av rekneskapen for 2024 eit overskot på kr 26 245.

I 2024 har styret hatt 5 styremøte der me har drøfta og behandla ein del saker som gjeld barnehage og skule, drift av organisasjonen, oppfølging av medlemmar, arrangement, nye planar, lovar og høyringar. Det har vore klubbmøter for medlemmane på Boknatun, i barnehagen og i skulen.

Utdanningsforbundet Bokn er med i eit nettverkssamarbeid med Tysvær, Haugesund, Utsira, Sauda, Suldal, Karmøy og Vindafjord. Her deltok leiar/HTV i møter som dei ulike lagsleiingane hadde ansvar for. Bokn var medarrangør av eitt av møta.

Årsmøtet vart arrangert 24.april i Bokn Arena Boknahåve. Me hadde besøk av Karen Elisabeth Kaald Wathne frå fylkesstyret.

Me har invitert pensjonistmedlemmar til 2 pensjonisttreff i samarbeid med lag frå Nettverk Nord. Me har arrangert eller vore medarrangør til 3 medlemsmøter og ein kinovisning hausten 2024:

Me hadde to felles møter i nettverket. I september inviterte me til foredrag med Cecilie Evertsen der temaet var psykisk helse og samspelet med barn. I oktober hadde me Kaptein Hammersmarck på besøk i Tysværtunet, og han inspirerte dei frammøtte til endring og innsats. Kinoforestillinga på Edda var mest populær for dei eldste medlemma. Me såg «Den siste reisen til Rivieraen». I november var attraksjonen på det lokale medlemsmøtet våre nye fylkesleiar Elin Djuve. Det siste arrangementet samla flest av medlemmane i Bokn.

I 2024 har ATV i barnehage, ATV på Boknatun og lokallagsleiar/HTV vore på kurs og samlingar i regi av Utdanningsforbundet Rogaland og Utdanningsforbundet sentralt. Styret har også delteke på styrekurs på Sola strandhotell i november.

Medlemmar med lengre sjukefråvær er blitt følgt opp med blomar.

Me har markert Barnehagen og Lærarane sin dag.

Utdanningsforbundet i Bokn har ingen tilsette, men me har frikjøp for hovudtillitsvald i til saman 8,6 % som kommunen dekker og for lokallagsleiar 20% som Utdanningsforbundet sentralt dekker. Sjukefråværet for den tillitsvalde på kommunenivå har vore lågt, og det har ikkje vore skader eller ulykker knytt til drifta i 2024.

Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet.

Me har kombinert lokallagsleiar og HTV 1. Utdanningsforbundet Bokn har som mål å vera ein arbeidsplass der det råder full likestilling mellom kvinner og menn, men ettersom det ikkje på valtidspunktet var fleire enn 2 organiserte menn i jobb i kommunen i perioden, var det ikkje råd å få menn med i styret.

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rettvisande bilete av organisasjonen sine eigedeler og gjeld, finansielle stilling og resultat. Årets resultat er disponert som angitt i årsrekneskapen.

Vedtak: Årsmøtet tok lokallagsstyret si melding til orientering.
Årsmøtet tok rekneskapen til orientering.

Sak 4 Retningslinjer for arbeidet i kommande årsmøteperiode

Aktivitet	Tid
Pensjonistarbeid, samarbeid med andre lag i Nettverk Nord	Heile perioden
Samlingar med fagleg innhald og nettverksbygging for leiarmedlemmer	Heile perioden
Samarbeid med lokallaga i nettverk nord om felles arrangement	Heile perioden
Politisk påverknadsarbeid	Heile perioden
Klubbmøte kring aktuelle emne	Minst 2 gonger i året på dei arbeidsplassane
Medlemsmøte saman med alle laga i nord-fylket	1 møte er under planlegging
ATV-samling i Bergen	April 2025
Diverse kurs for medlemmar	Heile perioden
Medlemsmøte felles oppleving	Hausten 25

Innstilling til vedtak:

Årsmøtet vedtar retningslinjene for arbeidet i kommande årsmøteperiode

Sak 5 Handsama budsjett

	Utgifter	Inntekter
Opningsstatus 01.01.25		88 828
Overføring frå Utdanningsforbundet		73 762
Profileringprodukt (post 7321)	12 000	
Medlemsmøter	30 000	
Bevertning ved årsmøte, nettverksmøte, medlemsmøte, klubbmøter og styremøte (post 7171)	30 000	
Møtegodtgjersle styre (post 5017)	18 000	
Kurs (post 7172)	30 000	
129 622TV-aksjonen 2024 (post 7420)	1 500	
Diverse materiell / faglitteratur (post 6800 + 6841)	2 500	
Representasjon, gåver (post 7422)	10 000	
Inntekter:		162 590
Utgifter:	134 000	
Sluttsaldo pr. 31.12.25		28 500

Innstilling til vedtak: Årsmøtet vedtar budsjettet

Sak 6 Innsende sakar til lokallaget

Sak 1 Oppgradering av uteområdet til skulen

Tilsette i skulen ønsker seg eit uteområdet som inviterer til leik og allsidig aktivitet. Dei ber lokallaget arbeida for at midla som allereie er til disposisjon til dette vert nytta i samråd med dei tilsette og at det vert utført eit politisk påvirkningsarbeid for å budsjettera med friske midler.

Skulen vart dyrare enn planlagt, og uteområdet var ein av postane som vart kutta ned på. Området var planlagt som ein spennande og utfordrande stad for både dei minste og dei eldre elevane. Slik området framstår i dag, byr det ikkje på så mange spennande aktivitetar og set ikkje fantasien i sving. Ein anna sak er at det ikkje er svært få overbygde kvadratmeter der barna kan finne ly for regn og vind.

Døme på leike- og aktivitetsapparat me ønsker oss:

- Reiler og sklie mellomtrinnet kan bruka
- Klatretårn og turnstenger
- Leikehytter med mange bruksområder
- Installering av fast utstyr til uteaktivitetar på ungdomssteget som td kulegolf, basketkorger og ein meir solid volleyballbane

For klubben på skulen;

Merete Alvestad

Forslag til vedtak:

Årsmøtet ber Utdanningsforbundet i Bokn om å arbeida for ei oppgradering av uteområdet.

Sak 2 Seniortiltak i barnhagen

I ei tid med stadig større rift om kompetente medarbeidarar i skule og barnehage, er det ekstra viktig å ta vare på dei eldste arbeidstakarane slik at dei står lengre i jobb. Medlemma i barnehagen etterlyser tilsvarande ordningar for pedagogane i barnehagen som lærarane i skulen har etter sentral avtale. Ein slik avtale bør innehalda føringar for kor mykje tid som skal setjast av til anna arbeid enn å vera på avdeling. Døme på dette er

fagleg ajourføring, prosjektarbeid og meir plantid. Dette må komma i tillegg til den ordinære drifta.

Klubben i barnehagen ønsker at me skal jobba med dette lokalt og ta saka vidare oppover i organisasjonen.

For klubben i barnehagen;

Gina Alvestad og Julianne Nilssen